

Protokoll frå styremøte i Valdresmusea AS**2020:5**

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Brita Brenna, Frode Rolandsgard, Odd Arne Klemmetsrud, Arne E. Fønhus og Kristin Gulbrandsen. Til stades frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten, Tove Stubbene, Anne Marit Noraker og Camilla Rossing.

Tidspunkt: Fredag 4. desember kl. 10.00–14.00.

Sak 12/2020 Drøftingssak: Gjennomgang av styringsdokument og utkast til strategi

Styret drøfta vilkår for museumsdrift i lys av sentrale styringsdokument, særleg tildelingsbrevet frå KUD. Styret drøfta òg utkast til ny strategi for Valdresmusea. Styret ber om at det i strategien blir lagt meir vekt på samtidsperspektivet, samt at ein gjer stølskultur og stavkyrkje til prioriterte satsingsområde. Styret ber òg om at ein drøftar museets rolle overfor styresmaktene og dei øvrige aktørane i feltet.

Sak 13/2020 Gjennomgang av rekneskap per 31.10.2020

Rekneskapen per 31.10.2020 viser eit overskott på kr. 836 722.

Vedtak: Styret tek rekneskapen til vitende.

Sak 14/2020 Drøftingssak: Utkast til arbeidsplan og budsjett

Administrasjonen presenterte utkast til arbeidsplan og budsjett. Styret ber administrasjonen ferdigstille arbeidsplan og budsjett for 2021 til fyrste styremøte i januar, og elles tek inn dei innspela som kom fram i møte. Styret ber administrasjonen avklare nærare eventuelle endringar vedrørande formidlinga ved Bautahaugen. Administrasjonen sender òg ut orienteringa frå KLP om redusert prognose for pensjonskostnadar, og moglegheitene dette gir for fondsavsetning.

Sak 15/2020 Drøftingssak – ventilasjonsanlegg

Det er utført befarings på ventilasjonsanlegga ved Valdres Folkemuseum. Sjå notat frå Ole Stian Mikalsen i GK Ventilasjon. Det er utfordringar på anlegga på Administrasjonsbygget, Velkomstbygget og Folke-musikkhuset. Utfordringane er av ulik karakter. Nokre av tiltaka må takast no, medan andre kan vente. I møtet kommenterte styret at dette mest truleg er ein investeringskostnad som høyrer heime i Valdres Folkemuseum AS, ikkje Valdresmusea AS. Styret ber administrasjonen klargjere kor saka høyrer heime – før eventuelle tiltak blir iverksett..

Jan Arild Berg

Sign

Forslag til nye møtedatoar: fredag 22. januar og fredag 26. februar.